



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Vatn og avløp

BERTELSEN & GARPESTAD AS

Hovland

4370 EGRSUND

Refnr.	Arkivkode	Saksnr.	Saksbehandler	Dato
CHQI0036	GID 104/2	2024/1492	Synneve Skei	ROSENDAL, 03.06.24

### Godkjenning av midlartidig søknad om utslepp

Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn for 104/2 - midlartidig bakkerigg - BERTELSEN & GARPESTAD AS i Blådalsvegen er godkjent.

**Du har fått midlartidig løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn frå 104/2.**

### Søknad etter plan -og bygningslova

Hugs at utsleppsløyvet ikkje gir løyve til tiltak som kjem inn under krav til søknadsplikt i plan- og bygningslova. Du kan ikkje starte gravearbeid før du har fått løyve etter plan- og bygningslova.

### Tillaten løysing

Vi har gitt løyvet til utslepp av sanitært avløpsvatn med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løysinga vi har gitt løyve til, er ein tett tank som skal ha alarmsystem og har eigne tømmetider. Løyvet gjeld for ein størst forventa belastning på 5 personekvivalentar (pe).

### Det vert gjeve løyve til utslepp på fylgjande vilkår

Kvinnherad kommune har gitt løyvet på bakgrunn av opplysningane i søknaden av 13.05.24

Vilkåra for løyvet er at du skal etablere og drive utsleppet frå 104/2 i samsvar med

- krava i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13 [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)
- forureiningslova § 24, egar av anlegget er ansvarleg for drift og vedlikehald. Du må følgje drift -og vedlikhaldsinstruksen for avløpsanlegget. Løyve er berre gyldig så

lenge du føl og opprettheld den eller tilsvarende avtale.

- opplysningane i søknaden av 13.05.24

### **Andre krav utanom standardvilkåra**

- Godkjenning av utsleppsløyve må på plass før søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova. Avløpsanlegget kan ikkje takast i bruk før det føreligg ferdigattest frå kommunen, viser til SAK10 § 8-1.
- Straks arbeidet med avløpsanlegget er ferdig, skal ferdigmelding etter forureiningsforskrifta sendast inn. Det vert ikkje gitt ferdigmelding (gjeld også midlertidig) på tiltaket før vilkåra i utsleppsløyve er oppfylt.
- Saman med søknaden om ferdigmelding skal du sende inn eit kart i målestokk 1:500 eller 1:1000. Kartet skal vere målsett, og det må vise kummar, grøfter og tømme plass. Alternativt kan du sende inn koordinatane
- Alle leidningar skal målast inn i hht. Ledningsregistreringsforskrifta og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendes til [va@kvinnherad.kommune.no](mailto:va@kvinnherad.kommune.no)  
Bileta og innmålingsdata er nyttig dokumentasjon i ferdigmeldinga.
- Etablering av stikkleidningar er søknadspiktig etter plan -og bygningslova. Ta kontakt med avdeling for byggesak og geodata dersom de treng rettleiing eller har spørsmål.
- Dersom etablering av stikkledningar og kummar kjem på andre grunneigar, må grunnavtale på plass før arbeidet kan ta til.
- Avstanden frå slamavskiljar og fordelings -eller pumpekum til tømme plass må vera tilgjengeleg for tømning. Tømmeavstand skal ikkje overstige 100 meter, her må høgdemeter takast med i vurderinga.
- Slammet må tømast og leverast av lovleg renovatørfirma.
- Tanklokket skal vera forsvarleg sikra til ein kvar tid. Dei skal ikkje dekkast til, men vere tilgjengeleg for inspeksjon og tømning.
- Takvatn / overvatn må ikkje førast til avløpssystemet.
- Er arbeidet ikkje starta opp innan tre år etter at løyve er gjeve, fell godkjenninga vekk.
- Anlegget må følge krav til funksjon, teknisk utforming og drift -og vedlikhald i Miljøblad nr. 48 <https://www.va-blad.no/wp-content/uploads/2014/10/Blad-48-14.08.14.pdf>

Lista over er ikkje uttømmande

Kommunen har høve til å gå tilsyn både før og etter anlegget er bygd.

### **Vurdering av søknaden**

Saka gjeld eit utslepp frå gbnr 104/2 i Lægda ved Blådalsvatnet der det er planlagt å setja opp ein midlartidig bakkerig. Bakkeriggen skal innehalde kontor, spise/møterom og garderobe. Det skal ikkje føregå overnatting i brakkeriggen. Arbeidet skal føregå over to sommarsesongar. Avløpet er planlagt å gå ut i tett tank med ein storleik på 6 m<sup>3</sup>. Forventa total belastning på utsleppet er rekna ut til å koma på 5 personekvivalenter (pe). Ansvarleg søkjar for tiltaket er Dalane Byggsøk AS ved Erik S. Gottfredsen.

### Grunngjeving for løyve til tett tank:

Det er i berre i heilt spesielle tilfeller kommunen gjev løyve til tett tank og slike tiltak vert vurdert ulikt i kvar enkelt tilfelle. I tilfeller der vi vurderer at fordelene er større enn ulempene kan vi gi løyve til tette tankar. For dette tiltaket er mogelegheit for infiltrasjon i området marginale, der det hovudsakleg er bart fjell og skrint jordsmonn. Alternativt kunne vore eit kunstig infiltrasjon, men kommunen vurderer dette som meir inngripande med tanke på at bakkeriggen berre er midlartidig og skal vera i drift to sommarsesongar.

### Tømmefrekvens:

Om ikkje anna er oppgjeve skal tankeigar skal følgje dei ordinære slamtømmingane som er fastsatt i kommunen si *Forskrift for innsamling av hushaldsavfall og tømming av slamavskiljarar og tette tankar* [https://sim.as/wp-content/uploads/2014/10/forskrifter\\_alle\\_komm\\_0708.pdf](https://sim.as/wp-content/uploads/2014/10/forskrifter_alle_komm_0708.pdf) I dette tilfelle er det rekna ut at tank på 6 m<sup>3</sup> skal tømmast kvar tredje månad eller etter reell belastning. Her må tankeigar gjera avtale med renovatørfirma for tømmetider for å sikre at avløpsanlegget til ein kvar tid vert drive forskriftsmessig forsvarleg utan risiko for forureining.

### Andre forhold:

Tett tank må utstyrast med alarm for fyllingsgrad. Alarmnivå må setjast maksimalt 80% av tanken sin kapasitet. Det må etablerast skriftlig drifts- og kontrollrutine. Alarm og fyllingsnivå må sjekkast og loggast ein gong i veka.

Kvittering for slamtømming og -levering til godkjent mottak, skal sendast til kommunen uoppfordra saman med driftsloggen for foregående periode, etter kvar tømming.

Tett tank skal plasserast slik at tømming frå tung bil er mogeleg. Tank må sikrast mot frost. Ved avslutning av kvar driftsperiode må tanken tømmast og alle røyrføringer frostsikrast (tappes ned), slik at frostskaider unngås.

Tank og ledningsnett må tømmes og reingjarst, og alt utstyr demonterast og fjernast, ved nedrigging av riggområdet.

### **Forureiningslova**

Når kommunen får inn søknad om utslepp er det ulempene med forureininga ein vurderer opp mot fordelane eit løyve gir.

### **Vassforskrifta**

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027, med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### **Drift og vedlikehald**

Eigar er ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald, viser til § 24 i forureiningslova.

**Du kan klage på vedtaket** Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. Hugs å grunngje klagen og før opp kva endringara du ynskjer. Send klagen til [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

## **Du har rett til å sjå dokumenta i saka**

Du har også rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19.

## **Har du spørsmål ?**

Dersom du har spørsmål til saka, kan du kontakte skasbehandleren vår  
[synneve.skei@kvinnherad.kommune.no](mailto:synneve.skei@kvinnherad.kommune.no) eller mobil 901 46 818

*For kommunedirektøren i Kvinnherad kommune*

Med helsing

Synneve Skei  
miljøkonsulent, avdeling byggesak og geodata

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen undersrift.*

|

## **Vedlegg - standardkrav i forureiningsforskrifta**

Paragrafane nedanfor er eit utdrag frå forureiningsforskrifta. Det er desse krava som er relevante for løyvet vi har informert om i dette brevet. Heile forureiningsforskrifta finn du på [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)

### **§ 12-7. Avløpsnett**

Avløpsnettet skal, uten at det medfører uforholdsmessige store kostnader, dimensjoneres, bygges, drivs og vedlikeholdes med utgangspunkt i den beste tilgjengelige teknologi og fagkunnskap, spesielt med hensyn til

- a. avløpsvannets mengde og egenskaper,
- b. forebygging av lekkasjer, og
- c. begrensning av forurensning av resipienten som følge av overløp.

### **§ 12-8. Utslipp til følsomt og normalt område**

Sanitært avløpsvann med utslipp til følsomt og normalt område, jamfør vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal minst etterkomme:

- a. 90% reduksjon av fosfor og 90% reduksjon av BOF 5 dersom det foreligger brukerinteresser i tilknytning til resipienten,
- b. 90% reduksjon av fosfor og 70% reduksjon av BOF 5 for resipienter med fare for eutrofiering hvor det ikke foreligger brukerinteresser, eller
- c. 60 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF 5 dersom det foreligger brukerinteresser eller fare for eutrofiering

Renseeffekten skal beregnes som årlig middelværdi av det som blir tilført renseanlegget.

Dersom det kun slipper ut gråvann, skal gråvannet gjennomgå rensing i stedegne løsmasser eller tilsvarende.

### **§ 12-9. Utslipp til mindre følsomt område**

Sanitært avløpsvann med utslipp til mindre følsomt område, jamfør vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal ikke forsøple sjø og sjøbunn, og minst etterkomme

- a. 20% reduksjon av SS-mengden beregnet som årlig middelvei av det som blir tilført renseanlegget, eller
- b. 180 mg SS/l ved utslipp beregnet som årlig middelvei.

Dersom det kun slipper ut gråvann, kan gråvann med utslipp til sjø slipper urensset til resipient.

### **§ 12-10. Dokumentasjon av rensegrad**

Minirenselanlegg skal ha dokumentasjon som tilfredsstillir NS-EN-12566-3 eller tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittlig lufttemperatur. Øvrige renseanlegg skal ha dokumentasjon på at anerkjent dimensjonering og utforming er benyttet.

Renseanlegg med naturlig infiltrasjon i grunnen skal i tillegg ha dokumentasjon på anleggets størrelse og plassering er tilpasset de aktuelle vannmengdene og grunnforholdene på stedet. Dokumentasjonen skal omfatte grunnundersøkelser og informasjon om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, løsmassenes egenskaper som rensemedium og risiko for forurensning. Løsmassenes egenskaper som rensemedium kan unnlates fra dokumentasjonen dersom renseanlegget kun renser gråvann.

Dokumentasjonen skal utføres av nye fagkyndige. Prøver skal analyseres av laboratorier som er akkreditert for de aktuelle analysene. Analysemetoder nevnt i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 skal benyttes. Alternativt kan analysemetoder med dokumentert høy korrelasjon med analysemetodene i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 benyttes.

### **§ 12-11. Utslippsted**

Utslippsted for avløpsvann fra renseanlegg skal lokaliseres slik at

- a. utslipp til sjø og ferskvann lokaliseres minst 2 m under laveste vannstand,
- b. utslipp til elv kun forekommer til elv med helårsavrenning,
- c. utslipp til grunnen kun forekommer til stedegne løsmasser.

Utslippsted for avløpsvann fra renseanlegg skal for øvrig lokaliseres og utformes slik at virkningene av utslippet på resipienten blir minst mulig og at brukerkonflikter unngås, herunder slik at utslippet ikke medfører fare for forurensning av drikkevann.

### **§ 12-12. Lukt**

Avløpsanlegget skal dimensjoneres, bygges, drives og vedlikeholdes på en slik måte at omgivelsene ikke utsettes for sjenerende lukt.

### **§ 12-13. Utforming og drift av renseanlegg**

Renseanlegget skal dimensjoneres, bygges, drives og vedlikeholdes slik at det har

tilstrekkelig yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for stedet der de ligger. Ved utformingen av anlegget skal det tas hensyn til variasjoner i mengde sanitært avløpsvann i løpet av året. Minirensanlegg skal drives og vedlikeholdes i henhold til skriftlig drift- og vedlikeholdsavtale, jmfør vedlegg 2 punkt 2.3 til kapittel 11. Slamavskillere tilknyttet helårsbolig eller fritidsbolig skal tømmes helt for slam etter behov, ikke sjeldnere enn henholdsvis hvert andre og fjerde år. Det er ikke tillatt å slippe ut avløpsslam eller ristgods i en vannforekomst, verken ved dumping fra skip, utslipp fra rørledninger eller på noen annen måte .

**Kopi til:**

Navn	Adresse	Postnummer	Sted
DALANE BYGGSØK AS Att: Gotfredsen Erik S	Rekefjord 31	4380	HAUGE I DALANE
KVINNHERAD KOMMUNE Att: Anne Rita Eriksen	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL